



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Til adresseliste

Region Vest
Naustdalsvegen 1 B

Postboks 53
6801 FØRDE

Telefon: 57 83 36 50
Telefaks: 57 83 36 51
E-post: rv@nve.no
Internett: www.nve.no

Vår dato: **21 DES. 2009**
Vår ref.: NVE 200906087-5 rv/kace
Arkiv: 312 /084
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Katarina Eftevand
57 83 36 74

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Myklebost Kraft AS — Søknad om løyve til å byggje Myklebost kraftverk i Jølster kommune, Sogn og Fjordane — høyring

NVE har motteke ein søknad frå Myklebost Kraft AS, datert 14.12.2009, om løyve til å byggje Myklebost kraftverk i Jølster kommune.

Myklebost kraftverk er planlagt bygget i Myklebustelva i Jølster kommune. Kraftverket vil ha ei fallhøgde på 192 m mellom inntak på kote 417 og utlaup på kote 225. Røyrledningen vil bli om lag 1000 m og vil i sin heilskap være nedgraven. Det skal etablerast 50 m lang tilkomstveg til kraftstasjonen. Middelvassføringa i vassdraget er på ca. 2,49 m³/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3,1 m³/s som utgjør ca 125 % av middelvassføringa. Installert yting vil være på om lag 5 MW og midlare årleg produksjon vil være på om lag 20,55 GWh. Søkjar legg opp til slepp av minstevassføring på 300 l/s om sommaren og 100 l/s om vinteren. Det er og søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Myklebost kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønsker papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Hermond Seim på tlf. 57 74 73 00/91 74 57 89 eller e-post: herseim@online.no

NVE ber Jølster kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på kommunehuset i Jølster fram til 20.03.2010. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fiernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønsker.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart so mogeleg og seinast innan 19.03.2010. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no elle per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.



Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing


Ivar Sægrøv
fung.regionsjef


Katarina Eftevand
overingeniør

Vedlegg: Søknad til kommunen
Kunngjeringstekst
Informasjonsark
Adresseliste

Adresseliste for :Mylkebost kraftverk:

Handsamast etter :Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i : Firda og Firda Tidend

Kopi: Alle på vedlagte adresseliste

2 Jølster kommune, 6843 SKEI i JØLSTER

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2,6963 LEIKANGER

Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2,6863 LEIKANGER

Sogn og Fjordane energi AS, Bukta, 6823 SANDANE

Forum for natur og friluftsliv si Sogn og Fjordane, Pb 365, 6802 FLORØ

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane v/Hans Christian Hansen, Middalen, 6856

SOGNDAL

NJFF — Sogn og Fjordane, Rygg, 6823 SANDANE

Sogn og Fjordane Turlag, Pb 10,6801 FØRDE

Statens vegvesen Region Vest, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER

Norges Bondelag, Postboks 153, 6801 FØRDE

✓ KD/EHY

1 ER/SHS